

Sogndal, 17. september 2009

Til ordføreren i Sogndal kommune

Eg viser til spørsmåla som representanten Knagenhjelm stilte til ordføreren på kommunestyremøtet for ei veke sidan. Eg viser også til at Sogndal høgre leverte ein skriftleg interpellasjon til kommunestyremøtet den 3. september og etterlyste eit skriftleg svar før møtet. Eg har søkt gjennom den offentlege journalen utan å finne igjen denne interpellasjonen. Ein kan nesten få inntrykk av at brevet vart sensurert bort før det nådde fram til arkivet. Dette finn eg svært merkeleg, og eg vil oppfordre ordføreren om å ta opp rutinane for journalføring av post. Sjå §3.2 i "Forskrift om offentlege arkiv":

§ 3-2. Behandling av telefaks og elektronisk post

Dokument som blir avsende eller mottekne via telefaks og e-post, og som etter form eller innhald må reknast som saksdokument for organet, skal arkivmessig behandlast som andre saksdokument etter denne forskrifta, jf. særleg §§ 2-6, 3-1 og 3-8.

Organ som nyttar e-post, skal ha eit sentralt e-postmottak for post til organet. E-post til det sentrale postmottaket skal opnast av arkivtenesta.

Det er ikkje tvil om at ein interpellasjon til kommunestyret er eit dokument som har offentlig interesse og som skal journalførast. Dette vart også gjort med den andre interpellasjonen til det same kommunestyremøtet. Sjå elles §2-6 i arkivforskrifta.

På møtet i kommunestyret svarte ordføreren at det tidlegare var svart på det same spørsmålet i forvaltningsutvalet. I protokollen til forvaltningsutvalet frå møte den 27.8.2009 er det referert følgjande:

C. Innspel frå medlemane:

1. Hans I. Haugen (V):

1. Klage frå G. Lotzberg, kva er status i saka?

* Administrasjonen orienterte om at denne etter planen kjem til handsaming i neste møte.

Her står det ingen ting om kvifor saka vart lagt til side før møtet i forvaltningsutvalet. Eg går ut frå at både ordføreren og resten av kommunestyret har interesse av å få greie på den verkelege årsaka til at klagesaka ikkje kom opp på møtet i august? Meiner ordføreren at protokollen frå forvaltningsutvalet gjev god nok informasjon til dei som ikkje var til stades på møtet? Kan det vere ein tanke å leggje ut rådmannen sine orienteringar på kommunen si heimeside?

Ordføreren er kjend med at Sogndal kommune ikkje har halde informasjonsplikta si etter forvaltningslova i den aktuelle byggjesaka. Klagen vart levert på Tenestetorget den 20. juni og journalført den 22. juni med Einar Nedrelo som sakshandsamar. Etter det eg forstår, vart saka gjort klar for handsaming i forvaltningsutvalet av Arvid Haukereid og Einar Nedrelo i månadsskiftet juni/juli og deretter lagt på arkivet.

Kommunen har ikkje gjeve tilbakemelding om kvifor saka var lagt til side eller kva tid ein kan vente å få klaga handsama. Ei anna klagesak som kom inn etterpå, vart derimot lagt fram for utvalet på møtet i august:

 **Klage på vedtak i forvaltningsutvalet sak 57/09**

Sakstittel: Søknad om frådeling

Arkivsaksnr.: 09/01336 - 009 | **Løpenr.:**008663/09

Fra/Til: Audhild & Alf Kollsete

Saksbehandler: Jens Øyrehagen(PLN/TE)

Datert: 06.07.2009

Tilsidelegginga av brevet mitt frå 20.6.2009, kan ikkje bortforklarast med kapasitetsproblem eller ferieavvikling i administrasjonen. Ut frå dette finn eg grunn til å spørje ordføraren om kva retningslinjer Sogndal kommune har for å følgje opp saker som nærmar seg tidsfristen for svar. Sjå §3-7 i arkivforskrifta:

§ 3-7. Oppfølging av saksbehandlinga

Arkivtenesta kan påleggjast å registrere forfall (behandlingsfristar) etter retningslinjer som leiinga for organet fastset. Når ei sak nærmar seg forfallsdato, gir arkivtenesta melding til rette vedkomande.

Til fastsett tid, i statlege organ normalt fire gonger i året, skal det takast ut oppgåve over saker som ikkje er ferdigbehandla (restanseliste). Oppgåva skal utarbeidast på grunnlag av journalen, men saker som eventuelt er registrerte på annan måte, må også kome med.

Leiinga for organet avgjer tidsfristane for restansekontrollen og kan likeins avgjere at visse saker skal haldast utanom restanseoppgåvene.

Til orientering legg eg ved kopi av brevet mitt til Sogndal kommune av 20. juni 2009 der eg stilte fleire kritiske spørsmål til rådmannen si saksframstilling til forvaltningsutvalet. Saksutgreiinga og utviklinga etterpå, er ikkje med på å styrkje tilliten til administrasjonen i Sogndal kommune. Eg vonar at ordføraren forstår alvoret i dette og gjer sitt til å få slutt på den ukulturen som har fått utvikle seg i kommuneadministrasjonen dei siste åra.

Med helsing

Dagmar Ølnes Lotsberg

Vedlegg: Brev til Sogndal kommune av 20.6.2009